

Invitasjon til prosjektverkstad

Horisont 2020: energi, klima, transport med relevans til Sogn og Fjordane

Stad: Knaken kafé og kulturformidling, Kaupanger

Tid: torsdag 26. oktober kl. 9.00 – 15.00

Pris: Gratis. Det blir servert lunsj.

Du vil mellom anna møte:



JANICKE ANNE GIÆVER
Seniorrådgjevar for klima og miljø, **Forskningsrådet**



CARLO AALL
Forskningsleiar
Vestlandsforskning



VALERIA JANA SCHWANITZ
Miljøforskar
Høgskulen på Vestlandet



TROND HAAVIK
Leiar av internasjonale operasjonar, **Segel**



Maan Singh Sidhu
Spesialrådgiver for
Næringslivsmobilisering
Forskningsrådet



Karianne Kojen Andersen
EU Rådgjevar for Sogn og
Fjordane
Innovasjon Norge



VERENA HACHMANN
Seniorrådgjevar for transport
Forskningsrådet



OTTO ANDERSEN
Miljøforskar
Vestlandsforskning

Horisont 2020 er verdas største arena for forskings- og innovasjonssamarbeid. Du er invitert til prosjektverkstad saman med andre aktørar i fylket som har interesse og mål om H2020-prosjekt.

Det er det nystarta EU-nettverket for Sogn og Fjordane som inviterer til samlinga, og du er velkommen til å bli ein del av nettverket. Tema for prosjektverkstaden er energi, klima og transport.

På verkstaden vil vi bli betre kjend med kvarandre, høyre om moglegheiter i Horisont 2020, lære av andre sin erfaringar, og arbeide med prosjektidear. Målet er at vi saman kan utvikle ideane til solide prosjektsøknadar som kan utløyse forsking- og innovasjonsstøtte frå EU.

Det er Forskningsrådet som har gitt støtte til etableringa av EU-nettverk for Sogn og Fjordane. Målet med det nye nettverket er at forskarar, offentlege etatar og næringslivet i fylket saman skal bli betre rusta til å delta i Horisont 2020. Bli gjerne med i nettverket – treff gamle og nye kjende! Velkommen!

[Påmelding her](#) eller pr. e-post til zno@vestforsk.no innan 20. oktober 2017

Janicke Anne Giæver, Verena Hachmann og Maan Singh Sidhu, Forskningsrådet, vil informere om korleis Horisont 2020 bidreg til internasjonalt samarbeid om energi, klima og transport, og om relevante moglegheiter for Sogn og Fjordane i neste arbeidsprogram for 2018-2020.

Karianne Kojen Andersen frå Innovasjon Norge vil fortelje om moglegheiter for små og mellomstore bedrifter i den nye Horisont 2020 konkurransepakken.

Trond Haavik, Segel AS vil gi tips om korleis finne fram til aktuelle FoU-aktørar og finansieringsordningar, og orientere om EU-prosjektet COHERENO (Collaboration for housing nearly zero-energy renovation) om oppgradering av bustader.

Valeria Jana Schwanitz, Høgskulen på Vestlandet vil snakke om hennar erfaring med vurdering av H2020 prosjektsøknader og gi tips til skiving av prosjektsøknadar, om samarbeid med [EERA](#) (European Energy Research Alliance) og om moglegheiter for nye prosjektsamarbeid som kan føre til lågare regionale CO₂ utslepp.

Carlo Aall, Vestlandsforskning, vil orientere om forskingsområde og prosjekt i Vestlandsforskning som er relevante for nye samarbeid om energi, klima og transport i Horisont 2020.

Otto Andersen, Vestlandsforskning vil orientere om eit nytt Horisont 2020 prosjekt; ENABLING (Enhance New Approaches in BioBased Local Innovation) om bioøkonomi, og gi tips til korleis utvikle prosjektsøknadar, etablere nettverk og involvere sluttbrukarar.